



## MØTEBOK

### Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 30.03.20 klokka 1800

Stad: Telefonmøte

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Forfall: ingen

Andre til stades på møte: Sveinung Olsnes, sekretær

#### Saker til styremøtet

Sak 21/20: Referat og meldingar

Sak 22/20: Rjupejakta 2020

Sak 23/20: Regulering av prisar for 2020

Sak 24/20: Utleigepraksis hytter

Sak 25/20: Kjøp av ny PC

Sak 26/20: Status arbeid fiskeforvaltning

Sak 27/20: Status stølane

Sak 28/20: Habilitetsvurdering styret

Sak 29/20: Dialogmøte samjaktsavtaler-ansvar

Sak 30/20: Møteplan 2020

Sak 31/20: Uttale byggesak-Kaldevatn

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/      Håkon Småbrekke/s/      Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

## Sak 21/20: Referat og meldingar

### Saksdokument:

2020.02.24.017.1.Nils Åge Sandal-Tiltak reinsdyr Haukeli Røldal Fjellstyre 2020  
2020.02.24.035.0.Søknad NÅS leige Ulvabotn Røldal Fjellstyre  
2020.02.26.001.5-Villreirutvalet-Høring villreinkvote HV 2020  
2020.02.26.36.Statskog-anm om uttale til bygging av uthus Kaldevatn Å Tveita  
2020.02.28.035.0.Helge Hagen-vurdering Utbetring Ståvassvikja  
2020.03.02.035.0.Jens Markhus-svar på førespurnad kostnadsdeling  
2020.03.03.017.1.Røldal Røde Kors-søknad om dugnadsjobbing  
2020.03.05.035.leigekontrakt Ulvabotn eitt års kontrakt  
2020.03.08.652.1.TIL Fiskefondet Røldal-Søknad midlar båt og fiskeutsetting  
2020.03.08.652.1.TIL Hydro-søknad støtte fiskekultivering  
2020.03.11.001.5-TIL Villreirutvalet-Høring villreinkvote HV 2020  
2020.03.12.641.0.TIL Vestland Fylkeskommune-søknad utsetjing fisk

### Saksutgreiing:

#### Framlegg til vedtak:

Ingen

#### Referat:

Gjennomgang ved sekretær. Ingen merknader framkom.

#### Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

## Sak 22/20: Rjupejakta 2020

### Saksdokument:

#### Saksutgreiing:

Det er registrert 270 sal av småviltjakt på Røldal SA i 2019. Fangstrapporteringa pr 01.01.20 syner 266 innleverte fangstrapportar:

År	Tal jegerar	Ikkje jakta	har jakta	ikkje fangst	fangst	fjellryper	liryper	hare	raudrev
2019	270	17	249	82	167	266	26	0	2

Av dei 270 jegerane var det 22 innanbygds og resten utanbygds.  
190 jegerar kjøpte døgkort, 8 jegerar kjøpte vekekort og resten sesongkort.

Det vart seld dagskort, vekekort og sesongkort. Jakta vart avslutta 31.12.19. Jaktstart var 01.10.19.



Takseringar andre stader på vidda har hatt ei positiv utvikling, men det kan tyde på at det var noko nedgang i produksjon i 2019. Spesielt vart fjellfuglen hardt råka av kulde og snø i den mest kritiske perioden for kyllingane. Det er ikkje mogeleg å spå korleis årets produksjon vil bli. Dette avheng av veret komande vår.

Sakshandsamar vil tilrå at Røldal Fjellstyre i utgangspunktet opnar for tilsvarande jakt som i 2019 med same reglar og reguleringar med ei viktig endring. For at Fjellstyret skal kunne vurdere verknaden av årets produksjon (i hovudsak veret i den mest kritiske perioden) vil det vere mogeleg å utsette tidspunktet for opning av sal av kort til 1 august. Då vil ein vite noko meir om korleis produksjonen har vore. I tillegg til dette har Fjellstyret, som eit føre var prinsipp, lagt jaktstart seinare enn jakttdsramma for å avgrense uttaket av fugl. Fjellstyret vil og kunne avgrense talet på kort som vert seld pr dag dersom ein ynskjer å avgrense jakttrykket.

Takseringsresultat frå Øvre Numedal Fjellstyre og Eidfjord Fjellstyre vil og i noko mon kunne seie noko om utviklinga i bestanden. Dette vil ikkje vere direkte overførbart då det er forskjellar både geografisk og med tanke på at ØNF og EF takserar lifugl, noko det er mindre av på Røldal SA.

Det vil vere fornuftig at styret diskuterar gjennom kva for ordningar ein ser for seg inneverande år og kjem med føringar for kva for tilbod som skal gjevast i årets rjupejakt. Sakshandsamar ynskjer signala frå styret i dette møtet, slik at ein har noko å jobbe ut i frå med tanke på seinare vedtak rundt rjupejakta.

### **Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande og kjem attende til reglar og andre ordningar for jakta i 2020 på eit seinare møte. Fjellstyret ynskjer at føringane diskutert i møtet skal vere retningsgjevande for ei seinare sak der ein tek opp endelege reguleringar for rjupejakta i 2020.

### **Referat:**

Leiar har framlagt fylgjande forslag:

- Ynskjer å frede hare. Det har ikkje vore noko særleg hare å sjå i fjellet på mange år og denne bør derfor ikkje jaktast på.
- Ynskjer å vidareføre baglimit på 2 rjuper pr dag/jeger.
- Ynskjer å innføre smårovviltkort
- Ynskjer å avgrense talet på jegerar. Det har kome tilbakemelding på at det har vore for mange jegerar i området enkelte dagar. (til dømes var det 39 dagskort den 5 oktober 19, tillegg til alle årskorta).
- Ynskjer å ha jakt heile sesongen, dvs ut februar.
- Ynskjer å kunne tilby vekekort og dei to fyrste vekene, samt at årskorta også leggast ut for sal frå fyrste dag. Dagskort selgast etter dei to fyrste vekene.
- Ynskjer å legge til rette for sal av ungdomskort
- Ynskjer ei vidareføring av gratis jaktkort til dei som har teke jegerprøva seiste år.
- Ynsker ein ny praksis med 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds (jfr Fjellova med forskrifter)
- Føreslår å avgrense talet på jegerar til ca 40 pr dag. Tildeling av korttyper skal gjerast for å oppnå dette.

Saka vert kort diskutert og styret gjev si tilslutning til forslaga til leiar



Styret ynskjer å vidare å halde fram med ei avgrensa jakt på rjupe i Røldal SA. Dette som eit føre var prinsipp. Rjupe er på den nasjonale raudlista og ein vil vere forsiktig med omfanget av jakt no. Det er svært mykje snø i vinter og dette vil kunne påverke tilhøva i klekkinga til våren. Styret ynskjer derfor å avgrense tida det vert jakta og vil ikkje opne opp for jakt før 1 oktober. Same grunngeving vert lagt til grunn for eit meir avgrensa sal av jaktkort.

Det framkjem spørsmål om skotpremie på rev. Sakshandsamar opplyser om at dette vil vere mogeleg å få til, men at fjellstyret då må stå for organisering og økonomien i dette. Styret ynskjer å undersøke om det er mogeleg for fjellstyret å gje økonomisk bidrag til ein annan organisasjon som evt kan stå for organiseringa. Det vert vidare opplyst om at effekten av eit auka uttak på raudrev ikkje er stor. Fleire forskingsprosjekt peikar på at små lokale tiltak med auka uttak ikkje har effekt i det heile.

Styret ynskjer å innføre eit smårovviltkort som skal gjerast gjeldande med ein gong. Dette skal koste 50,- kroner og leggst ut som årskort.

Styret ynskjer at forslaga til leiar skal gje grunnlag for ei sak på møte i mai, der ein vedtek endelege reglar for småviltjakta på Røldal SA for 2020.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre tek orienteringa til vitande og kjem attende til reglar og andre ordningar for jakta i 2020 på møte i midten av mai. Fjellstyret ynskjer at føringane diskutert i møtet skal vere retningsgjevande for endelege reguleringar for rjupejakta i 2020. Sekretær opprettar årskort for jakt på smårovvilt og legg dette ut på Inatur.no snarast mogeleg.

**Sak 23/20: Regulering av prisar for 2020**

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

**Fiske:**

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Røldal FS med på fellesordning saman med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 1000 og vekekort 500. Frå og med 2018 har Røldal FS desse prisane: dagskort 100,-, 3 dagarkort 250,-, vekekort: 300,- og årskort 700,-. I tillegg kan innanbygdsbuande fiske med garn mot løysing av årskort. Dette gjeld og for stongfiske og kostar 400,-



Prisane er for fiskekort er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett fram til 2021 så dei må være uforandra fram til ny makspris vert justert.

Sakshandsamar føreslår prisane vert uforandra for 2020 sesongen:

Dagskort:	100,-
3 dagarskort:	250,-
Vekekort:	350,-
Årskort:	700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske): 400,-

### **Villreinjakt:**

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr:	6500,-
Simle/Ungdyr:	3400,-
Kalv:	1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr:	3200,-
Simle/Ungdyr:	2000,-
Kalv:	1000,-

Halv pris for innanbygds.

Sakshandsamar ynskjer at fjellstyret skal ta stilling til om prisane skal aukast eller vere som dei er.

### **Småviltjakt:**

Gjeldande prisrammer for småviltjakt:

Dagskort:	250,-
5-dager kort:	1000,-
Vekeskort:	1400,-
Sesong:	2300,-

Prisane for Røldal SA var for 2019:

Dagskort:	240,-
Vekeskort:	1 000,-
Sesong:	1 500,-

Sakshandsamar meiner det er rom for å følgje prisrammene på småviltjakt. Dette er ei billig jakt og erfaringsmessig er det ikkje prisen på sjølve jaktkortet som er drivande i kostnaden med å jakta. Jakta på Røldal SA er etter måten lett tilgjengeleg. Ein vil derfor tilrå å auke prisen til gjeldande prisramme:

Dagskort:	250,-
Vekeskort:	1 400,-
Sesong:	2 300,-



Halv pris for innanbygds.

### **Hytteleige:**

Fjellstyret tek opp til diskusjon kva det skal koste å overnatte på hyttene og kva det skal koste å leige oppbevaringsboksar.

Gjeldande prisar:

Hytteleige:                   Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

  Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks:   kr. 200,- pr.år

### **Leigeprisar for stolar:**

I henhold til kontraktane skal utleigebeløpet indeksregulerast etter 5 år. Kontraktane vart inngått i 2014, og skulle vore justert i 2019. Sidan dette ikkje vart gjort, vert prisane justert opp etter endringa i KPI fram til januar 2020.

Pris før:

Nupshadlene + Beitet i Ulvabotn: kr 23000

Stølen i Ulvabotn: kr 5000

Midtfjellsvollen: kr 16000

Ståvassvika: kr 16000

Endring i KPI frå 2014 til januar 2020 tilsvarer ei prisstigning på 13.7%

Indeksregulert pris:

Nupshadlene + Beitet i Ulvabotn: kr 26 148

Stølen i Ulvabotn: n/a, ny kontrakt berre for 2020, utleigepris kr 5000

Midtfjellsvollen: kr 18 190

Ståvassvika: kr 18 190

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Fiske:

Leiar føreslår å endre prisen på garnkortet til 500,- og samtidig lage ungdomskort for garnfiske til ein pris av 250,-.

Styret støttar forslaget og ynskjer dette inført fom inneverande år.

Villreinjakt:

Leiar legg fram forslag om fylgjande prisar i år:

- Fritt dyr-1700,- for innanbygds



- Bukk-1300,- for innanbygds. Ved tildeling av bukk nr 2- 1300,-, ved tildeling av bukk nr 3 1000,-
- Simle/Ungdyr- 1100,- for innanbygds
- Kalv- 500,- for innanbygds
- Doble prisar for utanbygds

Det vert ein kort diskusjon i saka. Styret samlar seg om forslag til prisar framlagt av leiar.

#### Småviltjakt:

Leiar legg fram forslag om å auke prisen på småviltkort til gjeldande prisramme med unntak av sesongkort. Her leggst det fram forslag om 2100,- . Vidare vert det foreslege å opprette dagskort som ungdomskort til halv pris og vidareføre ordninga med eitt gratis jaktkort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.

Styret diskuterar framlegget og er eining i forslaget til leiar. Det kjem fram forslag om at årskortet skal koste 2000,- og dette framlegget vert støtta.

#### Hytter:

Leiar legg fram forslag om å auke hytteleiga noko. Denne har vore uendra i over 10 år og bør regulerast. Hyttene er bygd og vedlikehaldne på dugnad og dette bør speglast i prisen for innanbygds og utanbygds. Foreslår derfor ei auke til 75,- for innanbygds og 200,- for utanbygds. Vidare er det forslag på gratis overnatting for dei under 16 år og 40,- kr for innanbygds studentar. Leiar ynskjer og fullmakt til å gje dei som utfører dugnadsarbeid på hyttene gratis overnatting. Oppbevaringsboksar foreslåast auka til 250,- pr år.

Styret støttar framlegget til leiar og ynskjer å endre prisane i tråd med dette.

#### Leigeprisar for stølar:

Leiar legg fram forslag til KPI regulerte prisar for leige av stølane fom 2020 og ut leigeperioden.

Nupshadlene og beitet i Ulevåbotnen: 26 148,-  
 Ulevåbotnen: utleige i 2020 (gjeld berre dette året) 5000,-  
 Midtfjellsvollen: 18 190,-  
 Ståvassvikje: 18 190,-

Det kjem fram forslag om å runde av beløpet ned til næraste 100,- kr for å få eit rundare beløp. Dette støttast.

#### **Vedtak:**

Styret vedtek fylgjande prisar for 2020:

#### Fiske:

Dagskort: 100,-  
 3 dagarskort: 250,-  
 Vekekort: 350,-



Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske): 500,-

Sesongkort for garnfiske innanbygds ungdomskort (mellom 16-20 år): 250,-

Småviltjakt:

Dagskort: 250,-

Dagskort ungdomskort: (16-20 år) 125,-

Vekekort: 1 400,-

Sesong: 2 000,-

Halv pris for innanbygds.

Villreinjakt:

Fritt dyr-1700,- for innanbygds

Bukk-1300,- for innanbygds. Ved tildeling av bukk nr 2- 1300,-, ved tildeling av bukk nr 3 1000,-

Simle/Ungdyr- 1100,- for innanbygds

Kalv- 500,- for innanbygds

Doble prisar for utanbygds

Hytteleige:

Prisar pr person pr nått:

Innanbygds- 75,-

Utanbygds- 200,-

Studentar- 40,-

Under 16 år: gratis

Leige av oppbevaringsboks: 250,- pr år.

Leigepris stølar fom 2020:

Nupshadlene: 26 100,-

Ulevåbotn: 5000,-

Midtfjellsvollen: 18 100,-

Ståvassvikje: 18 100,-

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28 og 29 jfr forskrift om jakt-fiske og fangst på Statsallmenning.

Samrøystes





## Sak 24/20: Utleigepraksis hytter

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Fjellstyret hadde dette som sak 16/20, men utsette då saka til seinare møte, då ein treng ein prinsipiell debatt rundt temaet.

Det er komen førespurnad frå utanbygdsbuar om å leige Eriksbu eksklusivt ei helg sumaren 2020. Fjellstyre har i tidlegare vedtak (26/12) ikkje tillete dette.

Ei endring av gjeldande utleigereglar, og ein prinsippdebatt bør tas i samråd med dei bruksberettiga. Om tidlegare vedtak vert omgjort, så vert det for knapp tid til å få på plass dei nødvendige reserveringssystema til hyttene denne sommaren.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret kaller inn til eit allmannamøte dei ein diskuterer ordningar o.l. på fjellstyrehyttene framover.

Fram til dette viderefører fjellstyret prinsippet om at det som hovudregel ikkje er mogleg å leige hyttene eksklusivt. Fjellstyret opnar i denne omgang for at utanbygdsbuande kan søkje, og få tillatelse til, å leige fjellstyrehyttene i særskilte tilfeller.

#### **Referat:**

Det er pr i dag vanskeleg å gjennomføre noko allmannamøte pga koronasituasjonen. Det vert lagt fram forslag om å henge opp ei informasjonskasse på Handelslaget der jegerar kan kome med forslag. Det er intensjonen å skipe til eit allmannamøte når situasjonen tillet dette, tidlegast til hausten etter jakta. Håkon tek på seg å passe på forslagskassa og setje innkomne forslag i ein perm. Det må vere eit skriv på kassa som klargjer kva fjellstyret er ute etter og når ein kan forvente handsaming av dette. Skjema bør leggest ut digitalt på heimesida og ein bør oppmode om å sende dette på epost.

#### **Vedtak:**

Det vert intensjonen å skipe til eit allmannamøte når situasjonen tillet dette, tidlegast til hausten etter jakta. Fram til dette viderefører fjellstyret prinsippet om at det som hovudregel ikkje er mogleg å leige hyttene eksklusivt. Fjellstyret opnar i denne omgang for at utanbygdsbuande kan søkje, og få tillatelse til, å leige fjellstyrehyttene i særskilte tilfelle.

Fjellstyret heng opp postkasse med lås på Handelslaget som kan nyttast til søknadar om jakt og forslag til fjellstyret om utleigepraksis på hytter. Sekretær utformar eit skriv til å henge på kassa og eit skjema for nettside og forslagskasse.

Samrøystes

Sak 25/20: Kjøp av ny PC



**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Laptopen til fjellstyret er oppbrukt. Leiar ynskjer difor å kjøpe seg ein ny pc. Prisen på denne er kr 3 995. I tillegg kjem ein toårig trygghetsavtale på kr 1 009.

Leiar ber om at han vil få moglegheit til å kjøpe laptopen frå fjellstyret når leidarvervet vert avslutta. Leiar foreslår at salgsprisen, frå fjellstyre til leiar, skal tilsvare innkjøpsprisen redusert med 30% for kvart år frå og med 2020. Verdien av pcen vert sett til kr 0 frå og med 01.01.2024.

Sakshandsamar vurderer det til at leiar bør kunne overta denne PCen gratis når han går av som leiar. Dette føreset at han sit perioden ut. Reglane for avskrivning av datautstyr er at dei skal nedskrivast til 0 kroner etter tre år. Rekneskapsmessig har derfor denne maskina ikkje verdi når perioden er ute.

Reint rekneskapsteknisk vil eit evt innkjøp av ein pc i denne prisklassa bli direkte utgiftsført i år og vil ikkje avskrivast.

**Framlegg til vedtak:**

Leiar får fullmakt til å kjøpe inn pc i tråd med saksutgreiing. Leiar kan, dersom han sit perioden ut, overta pc vederlagsfritt.

**Referat:**

Ingen hadde merknader til forslag til vedtak, men det kom forslag om eit tilleggspunkt. Det føreslåast at dersom leiar av ein eller annan grunn går av midt i perioden så får han ein prisreduksjon på 30% pr år ved overtaking av pc.

**Vedtak:**

Leiar får fullmakt til å kjøpe inn pc i tråd med saksutgreiing. Leiar kan, dersom han sit perioden ut, overta pc vederlagsfritt. Dersom leiar går av før perioden er slutt kan pcen overtakast med ein prisreduksjon på 30% pr år.

**Sak 26/20: Status arbeid fiskeforvaltning****Saksdokument:**

Forslag til avtale med Vinje kommune, Berunuten Vest

**Saksutgreiing:**

Leiar har sidan førre gong vore i kontakt med Suldal Elveigarlag AS og meldt sin interesse for aureyngel. Hydro har fyrsteretten på yngel, men vert det nokon til overs så vil fjellstyret få tilbudet om desse. Per no så ser dette lovande ut.



Tor Helge har i tillegg skrevet og sendt søknad til fylkesmannen for å få løyve til utsettinga. Det er også sendt søknad om støtte til prosjektet til Røldal fiskefond og Hydro Energi. I søknaden til Fiskefondet vart det også søkt om støtte til innkjøp av båt til å ha i Holmavatnet, samt redningsvestar til å ha på dei tre fjellhyttene.

Resultatet frå prøvafisker rapporten er etterspurt hjå Hydro Energi nok ein gong.

Leiar ynskjer å be om fullmakt til å fortsetje fiskeforvaltningsprosjektet. I denne omgang:

- Vinje kommune, Berunuten Vest er kontakta med førespurnad om dei kan framskaffe avtale om fellesfiske frå 2012. Vinje kommune finn ikkje ei slik avtale, men sekretæren for Berunuten hugsar at dette vart laga og inngått. Sekretæren for Berunuten Vest føreslår at Røldal Fjellstyre tek saka opp til handsaming og oversender forslag til avtale til kommunen. Denne saka må og til godkjenning i Ullensvang kommune jfr Fjelleva § 28. . I og med begge vatna slit med for mykje rekruttering, så vil det vera fornuftig å inngå dette samarbeide for begge vatna.
- Nikolai Selvik er førespurt pr tlf om det kan vere aktuelt for dei å inngå tilsvarande avtale om Nedre Hellevatn, men Selvik ynskjer ikkje dette.
- Kontakte Fjellstyret i Ullensvang om kultiveringssamarbeid i grensevatna mellom statsallmenningane. Her er Holmavatnet mest aktuelt, mtp at begge fjellstyra no disponerer hytter langs dette vatnet. Men andre aktuelle vatn kan til dømes vera Vetla Uravatnet. (Ullensvang har fleire stygt overbefolka vatn i kort avstand til Røldal Statsallmenning. Kanskje ynskjer dei hjelp til å kultivere desse også?)

Sakshansamar si vurdering:

Ei avtale med Vinje kommune vil vere svært positiv for begge partar. Førebels kontakt med sekretæren for Berunuten Vest syner at dei er positive til ei slik ordning (med atterhald om godkjenning i styret for Berunuten Vest). Det vil vere avgjerande at ei avtale er enkel og rund med tanke på regelverk. Det ville og vore ein fordel å fått ei avtale med Nikolai Selvik på Storhelleiregedomen om Nedre Hellevatn, men dette var ikkje aktuelt for dei.

Fjellstyret bør gjere eit vedtak i denne saka når det kjem til samarbeid med Vinje kommune. Saka må til Ullensvang kommune for godkjenning og styret for Berunuten Vest må og handsame dette. For å klare å kome fram til ei ordning for komande sommar må saka vere handsama av Røldal FS snarast råd.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Styret er positive til framlagde avtale med Vinje kommune, Berunuten Vest og ynskjer å inngå denne slik den er lagt fram til møtet.

Leiar ber om fullmakt til å jobbe vidare med fiskeutsetting til sommaren og vidare å kunne kontakte Ullensvang SA for å høyre om det er interessant med eit samarbeid om enkelte fiskevatn.



Leiar opplyser og at det etter møteinnkallinga har kome svar på søknad om tilskot til båt frå fiskefondet. Det er innvilga 35 000,- til kjøp av båt. Leiar har etter avklaring med styret før møtet gått til innkjøp av ein båt (Linder 410 Fishing) til ein pris av 30 500,-. Denne skal då inn i vinter.

**Vedtak:**

1. Røldal Fjellstyre ynskjer at framlagde avtale med Vinje kommune blir gjennomført og oversendt til Ullensvang kommune for uttale.
2. Styret godkjenner vidare at leiar får fullmakt til å arbeide vidare med igangsette fiskeutsetjingar. Leiar får og fullmakt til å kontakte Ullensvang FS med førespurnad om felles kultiveringsarbeid.

Vedtaket i punkt 1 er gjort med heimel i Fjellova §§ 28 og 31 og oversendast til Ullensvang kommune for uttale.

**Sak 27/20: Status stølar og hytter**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

Nupshadlene: Tor Helge har snakka med Haslemo. Kort summert: Det er ikkje bygd noko ny hytte på stølen, så det er framleis 10 års kontrakten som gjeld. Stølen fungerer på sitt vis, men standen på bygningane, mangelen på straum osv., gjer at drifta ikkje er rusta for framtida. Oppgraderingar vil vera påkrevd (1 prioritet vil vera nytt stølshus).

Ulvabotn: Kontrakt underskriven. Avtale gjort med leigetakar om befaring av stølshusa i løpet av sommarsesongen.

Midtfjellsvollen: Kort oppdatering frå Andre/Håkon.

Ståvassvika: Skade meldt inn til Gjensidige, ventar på svar (per 11.03).

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Det har etter at møteinnkallinga vart sendt ut kome ei kort oppdatering frå Andre Botnen etter samtale med leigetakar på Midtfjellsvollen:

*Snakte med Jens Markus over telefon 12. mars. Me avtalte då møte med han i Røldal måndag 16. mars. Dette vart avlyst pga korona. Men i samtalen kom det fram at han har mykje det same synet på dette som Haslemo. Han er interessert i å støle her, men ikkje ta kostnaden med å byggje nytt stølshus. Som han seier er framtida usikker, og han veit ikkje kor lenge han kjem til å drive med geit.*

*Eg nemde avtalen me har med Haslemo der han kan bygge nytt stølshus, ha dette på 20 (25 år?) og at stølshuset etter det er Fjellstyret sitt. Detta virka han ikkje til å vara interessert i.*



*Kan stadfeste at han ikkje heilt er klar over eigarforholda her. Han trudde det var staten som eigde stølane, men fekk forklart han at det ikkje stemmer og at det er Røldal Fjellstyre som eig stølane.*

*Han seier og at han som har stølen på Ulevå på Vinje har fått bygd nytt stølshus som han eig. Dette kjenner ikkje eg til, men kunne vore interessant å haurt korleis dei har løyst det.*

*Informerte og om at Røldal Fjellstyret er glad for at nokon vil støla på Haukeli, men at me ikkje kan forsvare det økonomisk å bygge nye stølshus for den leigeinntekta me har i dag.*

Generelt om stølane:

Styret meiner ein ikkje kan forsvare å bruke store pengar på nokon av stølane med den leigeprisen som no er. Det vil bli eit stor økonomisk tap for fjellstyret og dei pengane finst ikkje pr i dag. Det er og vanskeleg å finne alternative finansieringskjelder for vøling av stølar, sidan desse ikkje er omfatta av dei same ordningane som fjellstyrehytter. Det er og på det reine at det ikkje har vore naudsynt vedlikehald på nokon av stølane gjennom mange år. Oppfølging av kontraktane og vedlikehaldet har vore for dårleg frå fjellstyret si side og det har etter fjellstyret si meining vore for dårleg vedlikehald frå leigetakarane. Alle stølane har hatt ei redusert leige med det vilkåret at leigetakar skal drive vedlikehald. Dette har ikkje fungert etter intensjonen og kan ikkje halde fram slik det er no. Det kjem fram forslag om å lage nye kontraktar ved seinare høve som klargjer heilt tydeleg kva som er leigetakers ansvar og kva som er Fjellstyret sitt ansvar.

Det er og på det reine at prisen på utleige må vesentleg opp dersom ein skal klare å halde alle bygg ved like.

Styret diskuterer dei store snømengdene i vinter og viser til at det er leigetakar i flg kontraktene har «ansvar for ettersyn og vedlikehald av stølshusa i leigeperioden». Det kjem fram forslag om å sende ei påminning til leigar av Midtfjellsvollen og Nupshadlene om å sjekke om det er nausynt med moking av tak.

Styret går gjennom nokon av dei ulike stølane og hyttene:

Midtfjellsvollen:

Her er det planlagt eit omfattande vedlikehaldsarbeid til sommaren og nye vindauge og dører er innkjøpt. Det kjem fram forslag på å lage eit forslag til leigetakar om ei fordeling av kostnadene ved arbeidet. Røldal FS kan ta kostnaden med arbeidskraft og kostnaden for vindauge og dører dersom leigetakar tek resten av materialkostnaden. Dette omfattar nytt tak og ny kledning, samt leige av stillas. Sekretær set opp budsjett for materialkostnad og sender denne over til leigetakar for godkjenning. Røldal FS tek sikte på å gjennomføre planlagt arbeid på Midtfjellsvollen dersom leigetakar tek på seg kostnaden med materialar. Fjelloppsynet vert orientert fortløpande om status for planlagt arbeid til sommaren.

Ståvassvikje:

Her kjem det takstmann til sommaren og ser på skadene. Ein avventar vidare arbeid til etter dette. Bestilt snikkar er informert om dette.

Hytter:

Ved er køyrd inn til alle hyttene av Røde Kors. Sjøppel er henta ut.

På Ninive var glaset på kjøkenet øydelagt og nytt er bestilt. Leiar skal få ordna med transport av dette og nokon til å setje det inn.



**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande og godkjenner elles tiltak i tråd med referatet. Sekretær sender påminning til leigar av Midfjellsvollen og Nupshadlene ift moking av tak.

Sak 28/20: Habilitetsvurdering styret (unnateke offentlegheit jfr Offentleglova § 13)

Sak 29/20: Dialogmøte samjaksavtaler-ansvar

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Leiar har sendt ut forespørsel på mail til representantar for HA290, HA300 og SE 146-1. Har fått positiv tilbakemelding frå HA 290, som er tilgjengelig for møte etter 07. April.

Det må tas stilling til kven som skal representerer fjellstyret i desse møta. Leiar møter i alle tre, med atterhald om at han er habil.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Det kjem fram forslag om at leiar og Andre Botnen står for møteverksemd med dei andre valda.

**Vedtak:**

Tor Helge Tjemsland og Andre Botnen representerer Røldal FS i møter med dei andre valda. Fjellstyret orienterast om resultatet av møta.

Samrøystes

Sak 30/20: Møteplan 2020

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for resten av 2020.

<b>Møteplan Røldal Fjellstyre 2020</b>	



Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 11. mai	Orienteringar, Rjupejakta endeleg vedtak, Reinsjakta endeleg vedtak, Samjaktavtaler, Røldalsmarknaden
	Status støylar, Fiskeforvaltning
Måndag 26 oktober	oppsummering reinsjakt, orienteringar, status støylar og hytter,
Måndag 14 desember	status/oppsummering rjupejakta, orienteringar, prisar for 2021, plan for drifta i 2021, møteplan 2021, budsjett tenestekjøp 2021
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm rjupejakt kan dette takast på telefonmøte

Planlagte møter utan «sekretærbehov»:

Måndag 22. juni – Trekking av jaktkort

Måndag 3. august - Jaktkortutdeling

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Forslag om å fjerne trekkemøtet og at sekretær trekker lista elektronisk og oversender til fjellstyret.

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner møteplan for 2020 og ynskjer at trekninga for reinskort gjennomførast elektronisk av sekretær og oversendast styret.

Samrøystes

### **Sak 31/20: Uttale byggesak-Kaldevatn**

#### **Saksdokument:**

Leggast fram på møtet

#### **Saksutgreiing:**

Fjellstyret har fått oversendt ei sak frå Statskog som gjeld bygging av nytt uthus i tilknytning til fritidshusvere ved Kaldevatn. Fjellstyret skal jfr Fjellova § 12 kome med uttale i slike saker. Grunndisponeringsvedtak etter § 12 i Fjellova «*kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern.*»

Fjellstyret skal her vurdere saka etter § 12 og kome med uttale til Statskog.



Sakshandsamar vurderer saka til å vere eit mindre tiltak. Det er her tale om eit uthus av avgrensa storleik som ligg i tilknytning til ei hytte. Uthuset har ytre mål som tilsvarar 8,3 m<sup>2</sup>. Det er ikkje noko som tilseier at tiltaket skal påverke korkje naturverdiar eller føre til skade for nokon som har bruksrett.

Sakshandsamar tilrår derfor at Røldal FS ikkje har merknader til tiltaket.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til omsøkt tiltak slik det føreligg i søknaden.

**Referat:**

Det framkom ikkje merknader til forslag til vedtak.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til omsøkt tiltak slik det føreligg i søknaden.  
Samrøystes

